

Møteprotokoll

Utval: Giske kontrollutval
Møtestad: Giske rådhus
Dato: 18.09.2025
Tidspunkt: kl. 13:30 - 16:30

Følgjande medlemmer møtte

Gunnar Morsund
Kåre Harald Sæter

Forfall

Anne Lise Roald
Lillian Skarmyr Olsen
Stig Gjethammer

Møtande varamedlem

Otto Stornes
Vara ikkje kalla inn, forfall tett på møtestart
Inger Johanne Sund

Andre som møtte

Kenneth Langvatn	Ordførar
Karl Andre Birkhol	Kommunedirektør
Svein Andre Johansen	Einingsleiar
Kathrin Haram	Møre og Romsdal Revisjon SA
Ola Andersen Godø	Møre og Romsdal Revisjon SA
Solveig Kvamme	Seniorrådgivar SKS IKS

Møtenotat

Gunnar Morsund stilte spørsmål om manglande publisering av dokument til formannskapet no sist, og fekk svar frå ordførar at det var ein glipp og det er retta opp no. Morsund stilte spørsmål om det var mogeleg med fulltekstpublisering av dokument på heimesida til kommunen. Kommunedirektøren grunngav årsakene til kvifor det ikkje vert gjort i dag, men at dette vil vere ein del av vurderinga i kommunen sitt arbeid med meiroffentlegheit.

Kåre Harald Sæter
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Sakliste

PS 19/25	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 20/25	Oppfølging av vedtak - undersøking av byggesaksforvaltninga
PS 21/25	Rapport frå forvaltningsrevisjon 2025 - personalressursforvaltning helse og omsorg
PS 22/25	Rapport forenkla etterlevingskontroll 2024 - vidareutlån
PS 23/25	Revisjons- og kommunikasjonsplan årsrekneskap 2025
PS 24/25	Kontrollutvalet sin uttale til revisjon av reglement for folkevalde organ 2025
PS 25/25	Førespurnad - klage på sakshandsaming av avslag ferdigattest
PS 26/25	Budsjettramme kontrollarbeidet 2026
PS 27/25	Meldingar og skriv
MS 12/25	Fagkonferanse og årsmøte 2025 Forum for kontroll og tilsyn
MS 13/25	Oppsummering frå samling 25.08.2025 kontrollutvalsleiarar Møre og Romsdal
MS 14/25	Eigarmøter i selskap

PS 19/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Giske kontrollutval 18.09.2025

GKU 19/25 Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Behandling i møtet

Gunnar Morsund melder at han har nokre spørsmål som vert tatt opp på slutten av møtet.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 20/25 Oppfølging av vedtak - undersøking av byggesaksforvaltninga

Giske kontrollutval 18.09.2025

GKU 20/25 Vedtak:

Kontrollutvalet takkar for den framlagte framdriftsplanen frå kommunedirektøren, og merkar seg lærings- og forbetringprosessane som skal arbeidast med vinteren 2025/2026.

Kontrollutvalet ber difor om å få ei skrifteleg tilbakemelding på gjennomføring av framdriftsplanen, innan 1. mars 2026.

Behandling i møtet

Kommunedirektøren Karl Andre Birkhol og einingsleiar Svein Andre Johansen presenterte framdriftsplanen sin og svarte på dei spørsmål kontrollutvalet hadde.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet takkar for den framlagte framdriftsplanen frå kommunedirektøren, og merkar seg lærings- og forbetringprosessane som skal arbeidast med vinteren 2025/2026. Kontrollutvalet ber difor om å få ei skrifteleg tilbakemelding på gjennomføring av framdriftsplanen, innan 1. mars 2026.

PS 21/25 Rapport frå forvaltningsrevisjon 2025 - personalressursforvaltning helse og omsorg

Giske kontrollutval 18.09.2025

GPU 21/25 Vedtak:

Rapporten frå forvaltningsrevisjon personalressursforvaltning innan helse og omsorg i Giske kommune vert sendt til kommunestyret med følgjande tilråding frå kontrollutvalet:

Kommunestyret bed kommunedirektøren om å arbeide vidare med:

1. *Styrke evalueringa av strategiar og tiltak for rekruttering*
2. *Vidareføre og ferdigstille arbeid med GLUP-verktøyet (GLUP er ein digital læringsplattform for offentleg sektor)*
3. *Vidareføre og ferdigstille arbeid med seniorpolitikken*
4. *Einingar bør gå gjennom sine oppgåver for å sikre best bruk av bemanningsressursane*

Kommunestyret bed kommunedirektøren om å gje ei skrifteleg orientering til kontrollutvalet innan 1. februar 2026, der det kjem fram korleis tilrådingane er arbeidd vidare med.

Behandling i møtet

Forvaltningsrevisor Ola Andersen Godø presenterte rapporten og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Leiarynskjer at forvaltningsrevisor Godø får gje ein kort presentasjon av rapporten for kommunestyret 25.09.2025.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Rapporten frå forvaltningsrevisjon personalressursforvaltning innan helse og omsorg i Giske kommune vert sendt til kommunestyret med følgjande tilråding frå kontrollutvalet:

Kommunestyret bed kommunedirektøren om å arbeide vidare med:

1. *Styrke evalueringa av strategiar og tiltak for rekruttering*
2. *Vidareføre og ferdigstille arbeid med GLUP-verktøyet (GLUP er ein digital læringsplattform for offentleg sektor)*
3. *Vidareføre og ferdigstille arbeid med seniorpolitikken*
4. *Einingar bør gå gjennom sine oppgåver for å sikre best bruk av bemanningsressursane*

Kommunestyret bed kommunedirektøren om å gje ei skrifteleg orientering til kontrollutvalet innan 1. februar 2026, der det kjem fram korleis tilrådingane er arbeidd vidare med.

PS 22/25 Rapport forenkla etterlevingskontroll 2024 - vidareutlån

Giske kontrollutval 18.09.2025

GPU 22/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sin uttale og rapport om forenkla etterlevingskontroll 2024 med vidareutlån - startlån i Giske kommune, til vitande.

Revisor uttaler at basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er ikkje revisor blitt merksame på noko som gir grunn til å tru at Giske kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd dei nevnte kriterier for startlån i samsvar med forskrift om lån frå Husbanken

Behandling i møtet

Oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram presenterte sin rapport etter gjennomført forenkla etterlevingskontroll med vidareutlån - smartlån.

Leiar ber om at denne rapporten er vedlagt protokollen, når protokollen vert lagt fram for kommunestyret.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek revisor sin uttale og rapport om forenkla etterlevingskontroll 2024 med vidareutlån - startlån i Giske kommune, til vitande.

Revisor uttaler at basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er ikkje revisor blitt merksame på noko som gir grunn til å tru at Giske kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd dei nevnte kriterier for startlån i samsvar med forskrift om lån frå Husbanken

PS 23/25 Revisjons- og kommunikasjonsplan årsrekneskap 2025

Giske kontrollutval 18.09.2025

GPU 23/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek den framlagte plan for revisjon av og kommunikasjon rundt årsrekneskap 2025, til vitande.

Behandling i møtet

Oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram presenterte revisjonsplanen og orienterte om revisjonsarbeidet for årsrekneskap 2025.

Revisor har lagt fram for kontrollutvalet ei stadfesting av sin ubundenheit til Giske kommune.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek den framlagte plan for revisjon av og kommunikasjon rundt årsrekneskap 2025, til vitande.

PS 24/25 Kontrollutvalet sin uttale til revisjon av reglement for folkevalde organ 2025

Giske kontrollutval 18.09.2025

GPU 24/25 Vedtak:

Kontrollutvalet støttar endringane og tilrår at kommunestyret vedtek reglementa med dei endringar som kjem fram av kontrollutvalet sitt saksframlegg.

Behandling i møtet

Sekretariatet gjekk gjennom dei endringar som er foreslått i saksframlegget, og informerte om grunngjevinga for forslaga.

Kontrollutvalet ynskte å ta vekk det som står i parantes under samansetjing, då det er overfødig. Dette redigerer sekretariatet i teksten før det vert sendt over til kommunestyret.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet støttar endringane og tilrår at kommunestyret vedtek reglementa med dei endringar som kjem fram av kontrollutvalet sitt saksframlegg.

PS 25/25 Førespurnad - klage på sakshandsaming av avslag ferdigattest

Giske kontrollutval 18.09.2025

GPU 25/25 Vedtak:

Kontrollutvalet vil ta temaet dokumenthandtering og innsyn/openheit med i vurderinga av risiko- og vesentlegheit når området for neste forvaltningsrevisjon skal vedtakast.

Behandling i møtet

Alternativ tilråding, foreslått av Kåre Harald Sæter:

Kontrollutvalet tek førespurnaden til vitande.

Kontrollutvalet vil ta temaet dokumenthandtering og innsyn/openheit med i vurderinga av risiko- og vesentlegheit når området for neste forvaltningsrevisjon skal vedtakast.

Leiar foreslår at kontrollutvalet drøfta det temaet førespurnaden tek opp, og vil ta det med i vurderinga av risiko- og vesentlegheit når område for neste forvaltningrevisjon skal vurderast.

Votering på tilråding fremma av leiar: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek førespurnaden til vitande.

PS 26/25 Budsjettramme kontrollarbeidet 2026

Giske kontrollutval 18.09.2025

GPU 26/25 Vedtak:

Giske kontrollutval sitt samla budsjettframlegg for kontrollarbeidet 2026 i Giske kommune er på **kr 1 670 000** fordelt slik:

- Kontrollutvalet sitt arbeid (inkl. møtegodtgjersle) kr 192 000
- Sekretariatstenester (eigardel) kr 438 000
- Rekneskapsrevisjon kr 670 000
- Forvaltningsrevisjon kr 370 000

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med vedtatt budsjettramme for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke det samla årsbudsjettet 2026 for Giske kommune.

Behandling i møtet

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Giske kontrollutval sitt samla budsjettframlegg for kontrollarbeidet 2026 i Giske kommune er på **kr 1 670 000** fordelt slik:

- Kontrollutvalet sitt arbeid (inkl. møtegodtgjersle) kr 192 000
- Sekretariatstenester (eigardel) kr 438 000
- Rekneskapsrevisjon kr 670 000
- Forvaltningsrevisjon kr 370 000

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med vedtatt budsjettramme for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke det samla årsbudsjettet 2026 for Giske kommune.

PS 27/25 Meldingar og skriv**MS 12/25 Fagkonferanse og årsmøte 2025 Forum for kontroll og tilsyn**

Giske kontrollutval 18.09.2025

GPU 12/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling i møtet

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

**MS 13/25 Oppsummering frå samling 25.08.2025
kontrollutvalsleiarar Møre og Romsdal**

Giske kontrollutval 18.09.2025

GKU 13/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling i møtet

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 14/25 Eigarmøter i selskap

Giske kontrollutval 18.09.2025

GKU 14/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling i møtet

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.